



Gloppen kommune

Møtebok

Utval	Eldrerådet
Møtestad	Gloppen heradshus
Dato	12.11.2018
Tid	Kl. 12:00 - 14:30

Følgjande medleamar møtte

Olav Moritsgård

Maria Lundestad

Hans Myklebust

Olav Felde

Egil Holme

Arnfinn Jørgen Brekke

Arnar Hans Kvernevik

Frå

KRF

AP

Andre som møtte:

Helse- og omsorgssjef Gunhild Gimmestad i sak 24/18 og 25/18

Avdelingsingeniør Bjørn Aurlien i sak 26/18

Møteleiar: Olav Moritsgård

Underskrift:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
023/18	Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste
024/18	Referat og orienteringssaker
025/18	Årsbudsjett 2019 - økonomiplan fram til 2022
026/18	Områdereguleringsplan for Sandane - uttale frå eldrerådet



Saksnr.	Utval	Møtedato
023/18	Eldrerådet	12.11.2018

Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste

Vedlegg i saka:

30.08.2018 Protokoll - Eldrerådet - 30.08.2018

Eldrerådsleiar si tilråding:

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå sitt møte den 30.08.18.
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Møteprotokollen frå siste møtet blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber eldrerådsleiar om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

Eldrerådet 12.11.2018

Behandling

ELD- 023/18 Vedtak

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå sitt møte den 30.08.18.
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
024/18	Eldrerådet	12.11.2018

Referat og orienteringssaker

Eldrerådet tek sakene til orientering.

Orienteringssaker:

1. Kort orientering frå felles eldrerådsmøte i Nordfjord 20.sept. v/dei som deltok.
2. Helse- og omsorgssjefen orienterer om status nytt omsorgsbygg.

Ordet fritt...

Eldrerådet 12.11.2018

Behandling

1. På fellesmøte for eldreråda i Nordfjord vart det bestemt at fellesmøte hausten 2019 skal leggest til Gloppen, med ansvar for gjennomføring og planlegging.

2. Helse- og omsorgssjef Gunhild Gimmestad orienterte om status for framdrift for nytt omsorgsbygg. Tre firma har lagt inn anbod. Det vil bli konkludert i eit ekstra møte i Helse- og omsorgsutvalet i slutten av november kven som får oppdraget. Planen er at arbeidet skal ta til i januar 2019, og ferdigstillast april/mai 2020.

Ho orienterte også om pakkeløp for psykisk helse og rus, som skal legge tilrette for gode individuelle forløp, betre samhandling mellom sektorane, klare ansvarsforhold og gode overgangar mellom kommune og spesialisthelsetenesta.

ELD- 024/18 Vedtak

Eldrerådet tek sakene til orientering. Eldrerådet er glad for at prosjektet er komst så langt, og vonar at framdriftsplanen vert overhalde.

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
034/18	Helse- og omsorgsutvalet	07.11.2018
036/18	Oppvekstutvalet	07.11.2018
112/18	MULTEK-utvalet	08.11.2018
025/18	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	12.11.2018
025/18	Eldrerådet	12.11.2018
037/18	Helse- og omsorgsutvalet	14.11.2018
039/18	Oppvekstutvalet	14.11.2018
118/18	MULTEK-utvalet	15.11.2018

Årsbudsjett 2019 - økonomiplan fram til 2022

Vedlegg i saka:

- 01.11.2018 Pris- og gebyrhefte 2019 - første utkast
- 09.11.2018 Årsbudsjett 2019 - øk.plan 2019-2022 - rådmannen sitt framlegg med sektorbudsjett

Rådmannen si tilråding

Rådmannen kjem ikkje med noko tilråding i saka i denne fasen av budsjettarbeidet.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På kommunestyremøtet den 31. oktober i år la rådmannen fram endeleg framlegg til rammer for 2019-budsjettet og investeringsprogram for perioden fram til 2022. I etterkant av møtet vart presentasjonen og budsjettokumentet sendt ut så langt dette var klart 31. oktober.

I løpet av veke 44 vil eit fullstendig framlegg til årsbudsjett frå rådmannen vere klart, og dette vil bli sendt ut så fort som råd.

I tillegg er no rådmannen sitt framlegg til kommunale prisar og gebyr i 2019 klart. Her manglar NoMil-styret sitt framlegg til renovasjonsgebyr og betaling for tøming av slam. Dei delane av prisheftet som er avhengig av statlege satsar er heller ikkje klare. Dette går fram av det vedlagde heftet.

Det er formannskapet som kjem med framlegg til kommunestyret om årsbudsjett for neste år og økonomiplanen. Som vanleg er det lagt opp til at råda og hovudutvala kjem med uttale til framlegget før formannskapet gjer vedtak om utlegging til offentleg gjennomsyn. I praksis betyr dette no at utvala kjem med framlegg til budsjett for sine område.

Fakta i saka

Rådmannen skriv dette om fastsetting av rammene for sektorane:

«(...) Etter framlegget til statsbudsjett som vart lagt fram 8. oktober, kan Gloppen kommune rekne

med ein samla vekst i skatt på inntekt og formue og rammetilskot på 2,9 %. Dette er 0,1 % over den såkalla deflatoren, som er eit uttrykk for kor mykje staten reknar med at lønns- og prisveksten blir frå 2018 til 2019. I kroner utgjer samla auke i skatt og rammetilskot 12.750.000,- frå 2018 til 2019. 2018-talet er då den statlege utrekninga av skatt og ramme. Denne er litt lavare enn det vi har budsjettert med. Auken frå vårt 2018-budsjett blir derfor litt mindre. Brukar vi vårt budsjett-tal, er auken 11.029.000.

Skatt og rammerammetilskot er hovudinntekta som gjev grunnlag for sektorane sin aktivitet, men fleire postar kjem i tillegg eller til frådrag. Summen av desse avgjer kva ramme sektorane kan få.

Med unntak av inntektene frå mottak og busetting av flyktningar held føresetnadene for dei førebelse rammene sånn noko lunde. Inntektene på mottak av flyktningar er store, med 2017 som eit toppår. Inntektene var då 33,2 millionar. I 2018-budsjettet er dette redusert til vel 28,1 mill. Det er sjølvstekt talet på busette som avgjer kor store desse inntektene er. Slik det no ser ut, meiner NAV Gloppen – som er rådmannen sin kompetanse på dette området – at vi ikkje kan rekne med å motta meir enn 15 nye flyktningar i 2019, medrekna busetting av familie til dei som alt bur her. Dette vil gje oss 21 millionar i tilskot i 2019, altså over 7 mill. mindre enn tidlegare rekna med.

Også på dei andre områda på finansieringskapitlet er det nokre endringar, både i pluss og minus, men ingen av desse gjev slike utslag som tilskotet til flyktningar. Dette er omtala nærare i dette kapitlet.»

Det betyr at vi har nesten 403 millionar til fordeling på sektorane. Dette gjev desse rammene, med same fordelingsprosent sektorane imellom som i 2018 (2018-tala er avrunda):

	Rekneskap 2017	Revidert 2018-budsjettet	%-vis del	Ramme 2019-budsjett	Auke i kr
Formannskapet	29.156.025	27.900.000	7,03	28.315.000	+415.000
Oppvekstutvalet	142.682.602	150.500.000	37,94	152.800.000	+2.300.000
Helse- og omsorgsutvalet	172.039.701	174.700.000	44,04	177.370.000	+2.670.000
MULTEK-utvalet – teknisk og landbruk	30.230.193	28.000.000	7,06	28.435.000	+435.000
MULTEK-utvalet – kultur og idrett	16.497.355	15.600.000	3,93	15.830.000	+230.000
Sum sektorane	390.605.876	396.700.000	100,0	402.750.000	+6.050.000
Finansiering	- 393.865.979	-398.000.000		-402.750.000	-4.750.000
Balanse	+3.260.103	+1.300.000		0	-1.300.000

Om investeringsbudsjettet (kap. 6 i framlegget) skriv rådmannen:

«Det er ikkje råd å gjennomføre alle investeringsbehov/-ønskje i eit slikt tempo som nokre av oss ser føre seg. Vi kan ikkje handtere ei lånegjeld som er mykje høgare enn dagens utan at dette går vesentleg ut over drifta. Rådmannen vil derfor sterkt mane til måtehald.

Investeringsbudsjettet er delt opp i tre kategoriar:

6.1 Bustader og bustadfelt

6.2 VAR-området (VAR = Vatn, Avløp og Renovasjon)

6.3 Andre investeringar.

Det store investeringstiltaket i denne perioden er bygging av nytt omsorgsbygg.

Det går fram av omtalen av prosjekta kva som ligg til grunn for det budsjetterte beløpet. Ingen prosjekt som skal lysast ut er kostnadsrekna på andre måtar enn ved bruk av erfaringstal og statistikk. Derfor er det grunn å streke under at mange av tiltaka i budsjettet må kostnadsreknast på nytt når planarbeidet er kome lenger, jfr kap. 7 i kommunen sitt økonomireglement. Tiltak som vi ikkje har konkrete planar for, er stort sett berre lagt inn med planleggingsmidlar. Det er lagt vekt på å vere realistisk i oppstartingstids-punkt og framdrift.

Vi er inne i ein periode med stor byggeaktivitet i Gloppen. Dette pressar prisane opp og i tillegg fører det til at lokale verksemder ikkje får høve til å konkurrere om dei kommunale oppdraga. Også dette er noko vi bør ta omsyn til.»

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Heile saka gjeld kommunen sin økonomi.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen sine vurderingar og framlegg går fram av sjølve budsjettdokumentet. Noko eiga vurdering i saka blir ikkje lagt fram no.

Helse- og omsorgsutvalet 07.11.2018

Behandling

Helse- og omsorgssjefen orienterer om detaljane i budsjettet.

Følgjande skal undersøkjast og framleggast til neste utvalsmøte.

-Kor mange sjukepleiarar som er tilsett på fast vikarlønn og om utgiftene har auka som konsekvens av dette.

-Det skal undersøkjast oppseiingstid på "inn på tunet". og reel innsparing for 2019.

-Kva som blir det reelle kuttet ved å legge ned Hyblane og reel innsparing for 2019.

-Kva som er den reelle prisauken på middager? om det gjeld for alle under og over 2 G, og om det gjeld sjølvkost.

-Ei utvida liste for kuttforslag vil bli tilsendt før neste utvalsmøte.

-Det vil bli lagt til i budsjett ei auke i kommunalt drifttilskot for private fysioterapeuter som er politisk vedteke, denne vil og bli satt opp på lista over kuttforslag.

HOU- 034/18 Vedtak

Helse-og omsorgsutvalet tok saka til orientering.

Oppvekstutvalet 07.11.2018

Behandling

Oppvekstsjefen orienterte om detaljane i oppvekstutvalet sitt budsjettet.

Oppvekstsjefen sender ut oppdatert budsjettnotat til utvalsmedlemmane.

OPP- 036/18 Vedtak

Oppvekstutvalet tok saka til orientering

MULTEK-utvalet 08.11.2018

Behandling

Kultur og Idrett - 38300 Kulturskulen, framlegg frå Arnar Hans Kvernevik, Arbeidarpartiet

MULTEK-utvalet ber kommunestyret om at kulturskolen ikkje vert svekka i neste års budsjett. Kutt i budsjettet for kulturskolen kan få uønska verknader i samband med kostnadsfordelinga mellom fylke/region og kommune. Det er ein uviss situasjon no med tanke på at vi går inn i ein ny region frå 2020. MULTEK-utvalet ber om at ramma for Kultur og idrett blir auka med 200.000 slik at ein kan få delfinansiert eit folkemusikktilbod på kulturskolen.

Budsjettet alle områder, framlegg frå Arnar Hans Kvernevik, Arbeidarpartiet

MULTEK-utvalet ber om at rådmannen, som ei kontinuerleg øving, og særleg i samband med 2019 budsjettet gjer fortløpande vurderingar om vakante stillingar skal lysast ut, eller om det er mogeleg å dekke personell- og kompetansebehov ved interne omdisponeringar og opplæring med tanke på å bremse auke i stillingsheimlar.

Begge framlegga frå Arnar Kvernevik vart samrøystes vedtekne.

Einingsleiarane Per Ove Fossheim, Odd Arne Kolseth og Runar Kleppe var til stades under behandling av saka.

KULT- 112/18 Vedtak

1.

MULTEK-utvalet ber kommunestyret om at kulturskolen ikkje vert svekka i neste års budsjett. Kutt i budsjettet for kulturskolen kan få uønska verknader i samband med kostnadsfordelinga mellom fylke/region og kommune. Det er ein uviss situasjon no med tanke på at vi går inn i ein ny region frå 2020. MULTEK-utvalet ber om at ramma for kultur og idrett blir auka med 200.000 slik at ein kan få delfinansiert eit folkemusikktilbod på kulturskolen.

2.

MULTEK-utvalet ber om at rådmannen, som ei kontinuerleg øving, og særleg i samband med 2019-budsjettet, gjer fortløpande vurderingar om vakante stillingar skal lysast ut, eller om det er mogeleg å dekke personell- og kompetansebehov ved interne omdisponeringar og opplæring med tanke på å bremse auken i stillingsheimlar.

3.

MULTEK-utvalet ber om ei avklaring knytt til korleis vi fører kostnader på prosjekt innanfor sjølvkost-områda.

4.

MULTEK-utvalet er einig i at arbeidet med å få ei full oversikt over gebyr for plan, oppmåling og byggesak skal fortsette og når denne oversikta er klar, skal dette fremjast i ei eiga sak.

5.

MULTEK-utvalet meiner at det skal budsjetterast med reelle straumutgifter.

Vedtaket var samrøystes.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 12.11.2018

Behandling

RAD- 025/18 Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

Eldrerådet 12.11.2018

Behandling

Helse- og omsorgssjef Gunhild Gimmestad orienterte om budsjett 2019 og økonomiplanarbeidet, og om sektoren sitt forslag til naudsynte kutt for å kome ned på råma.

Fokus i debatten var knytt til kuttforslaget om å legge ned hyblane ved Gloppen omsorgssenter, og kva for konsekvensar det vil få for arbeidsmengde i heimetenestene og for ventelister til heildøgns omsorgsplass.

ELD- 025/18 Vedtak

Eldrerådet tek saka til orientering, men er bekymra for konsekvensane av dei føreslegne kutta i sektoren.



Arkiv: FA-L12, PLANID-201209, PLANNAVN-Sandane sentrum, HIST-12/1257, HIST-17/423
JournalpostID: 18/14122
Saksbehandlar: Beate Kornberg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/18	Eldrerådet	12.11.2018

Områdereguleringsplan for Sandane - uttale frå eldrerådet

Kort samandrag av saka

Lag eit samandrag viss saka er på tre sider eller meir.

Rådmannen si tilråding

Eldrerådet ber om at innspelet vert teke med i vidare handsaming av planen.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Områdereguleringsplan for Sandane sentrum vart lagt ut på høyring i MULTEK – utvalet 23.august, med høyringsfrist 20.oktober 2018. Leiar i eldrerådet ønskjer at rådet kjem med ei uttale til planen.

Fakta i saka

Eldrerådsleiaren meiner at det er viktig å ha som utgangspunkt at Sandane skal vere eit sentrum for heile kommunen. Adkomst til sentrum frå Storebrua til Vonheim og frå Austrheimsbakkane til kaia er i dag ikkje lagt til rette for gåande og syklane og manglar møteplass for bilar. Dette meiner han må på plass før ein gjer for store endringar i sentrum, som å ta vekk parkeringsplassar. Det vil vere behov for parkeringsplassane i lang tid framover. Vidare meiner leiaren at kulturalmenningen ikkje bør vidareførast over Sørstrandsvegen og at parkeringsplassane nedafor Firdatun bør oppretthaldast fordi det er behov for dei i område. Likedan er det viktig at det er tilstrekkeleg parkeringsplassar ved legesenteret.

Bussterminalen slik den er i dag fungerer godt både med venterom, som den må ha, og oppstillingsplass. Den ligg meir sentralt slik den gjer i dag i forhold til legesenter, apotek og matbutikkane. Parkeringsplassane til bussane til Firda Billag kan sikkert plasserast ein annan stad, men det vil bli kostbart og medføre meir tomkøyring.

Samtidig ser leiaren positivt på planane om å plassere ein sentrumsbarnehage på heimevernstomta i tilknytting til Øyna, som i gjeldande plan er regulert til offentleg formål, og meiner at det kan vere ein god måte å ta vare på eit verdifullt kulturmiljø og ei grøn lunge i sentrum.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen direkte økonomiske konsekvensar

Rådmannen si vurdering

Rådmannen ser positivt på at eldrerådet tek initiativ til å kome med uttale til ny områdereguleringsplan for Sandane sentrum.

Eldrerådet 12.11.2018

Behandling

Avdelingsingeniør Bjørn Aurlien var med under drøftinga om ny Områdereguleringsplan for Sandane sentrum, og svarte på spørsmål.

ELD- 026/18 Vedtak

Eldrerådet ber om at innspelet vert teke med i vidare handsaming av planen.

Eldrerådet er positiv til at det vert lagt betre tilrette for gåande og syklande i sentrum, spesielt ved kryssing av Krånavegen mellom Coop Extra og Rema 1000.